

## Kjære medlemmer!

No er hausten for alvor komen til oss, og med den kjem og dei mørke kveldane som passar svært godt til ulike kreative prosjekt. De har fått informasjon om nokre aktivitetar, men her kjem ei fullstendig oversikt over det som skal skje framover.

### 27. oktober Oktobergruppa - Papirsaum

Papirsaum ein veldig kjekk teknikk der ein bruker papirmalar og handsaum. Denne kvelden skal vi sy ei flott stjerne. Til denne kvelden treng ein ikkje symaskin men ta med tålmod og godt humør ☺



Gruppa lagar materialpakkar til oss, og det vert som vanleg servering og loddsal.

Vi fortset med stjerna tysdag 3. november og då må de ha med symaskin!



### 5.november - Vi syr "Firkantpose"

Denne kvelden skal vi sy en liten pose til oppbevaring av forskjellige småtteri som elles ikkje har nokon fast plass...., eller kanskje du treng nokre julegåveidear? Her kan vi sy inn stitchery-broderiet som vi no har frå temakvelden i oktober. Denne kvelden må vi ha med symaskina vår og vanlege sysaker.



Vi kjem tilbake til novembergruppa sin aktivitet seinare på epost og Kystpuls.

### **Generelt om medlemskveldane og temakveldane**

Alle aktivitetane startar kl 19.00 og vi har pause med kaffe og noko attåt, og som vanleg har vi og loddsal med flotte gevinstar. NB! Når vi har temakveld eller medlemskveld med materialpakke er det gratis for medlemmer og kr 150,- for ikkje medlemmer. Likevel; ein prøvekveld er gratis og alle er velkomne! Ta med ei venninne eller to og kom.

### **Vi minner om:**

Tirs dagar der det ikkje er planlagte aktiviteter møtes vi i Kreativiteten for sosialt og kreativt samvær. Ta med det du held på med av håndarbeid og kom og kos deg.

Det er nokre som ikkje har betalt kontingenten - er du usikker så ta kontakt med Eldfrid og ho finn ut av det. Epost-adressa til Eldfrid er [eldfrids@broadpark.no](mailto:eldfrids@broadpark.no) Hugs å merke innbetalinga med namn! Kontonummeret til kreativiteten er 0539.30.64384. Vi minner om at det på årsmøtet vart vedteke at alle skal betale 900,- innan 01.04. kvart år.

Det er hengt opp lister for vasking og medlemskvelder for hausten. Det er viktig at alle held seg oppdatert på kva oppgåver dei har. Den som står øvst i kvar gruppe har ansvaret for at arbeidet vert gjort.

Og alle som har ei epostadresse som du kan motta info på – send denne til [annlaug@artemisrad.no](mailto:annlaug@artemisrad.no)

### **Utstillinga**

Vi ser alle at det er trivelegare å vere i bua vår når det er noko på veggene og i vindauga våre. No framover er temaet ”**Jubileumsutsilling**”. Det er komme inn masse flotte ting som de har laga i dei fem åra vi har vore i bua vår, men vi tek gjerne imot meir.

### **Julebutikken**

Vi oppmodar dykk om å melde dykk med små eller store eigenproduserte ting, mange eller få, alle er velkomne! Julebutikken skal i drift til 1.søndag i advent, 29. november, og no håpar vi det er mange som har mykje på ”salgslageret”. Vi i styret har snakka litt om kva vi kan fornye salget med og kva ting som er mest salgbare. Dette er nok noko som vil variere heile tida . Tenk etter om du har noko som kan vere fristande for kjøparane i førjulshandelen. Det behøver ikkje å vere i store mengder . Men variasjonen vil som regel bli større hvis det er fleire utstillarar. Påmeldingslista er hengt opp på Kreativiteten.

### **Kva har de lyst til å lage, gjere eller lære framover?**

Hælstrikking og fingerfelling  
Lutradur og Angelina  
Selskapsveske  
Puppe-englar  
☺

Gje tilbakemelding til styret på dette!

**Elles; følg med på heimesida, eposten eller Kystpuls!**

Då håpar vi at vi ser deg i Kreativiteten framover!

Helsingar frå  
Styret